



Kålås Bygg As  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar: 5c844c29-7cb2-46f2-95fb-8328f2e58af8

Vår: 22/6663 - 22/79694

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

18.10.2022

## Dispensasjon byggegrense mot kommunal veg - naust - Gbnr 214/73 Fyllingsnes

**Tiltak:** Dispensasjon frå byggegrense mot veg - naust  
**Byggjestad:** Fyllingsnesvegen – GBNR 214/73  
**Tiltakhavar:** Frode Løndal  
**Ansvarleg søkjar:** Kålås Bygg AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg etter Veglova § 29.

### **Sakutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Ein søkjer om dispensasjon til oppføring av kai og naust på gbnr. 214/73 på Fyllingsnes. Naustet er planlagt med størrelse 8 x 4 meter og skal førast opp i tradisjonell stil med 30° og slagport på 2,6 x 2,1 meter i eine enden.

På eigedomen er det allereie etablert kai, etter det tiltakshavar kjenner til vart betongdelen av kaien etablert rundt 1950 og den sørlegaste tre-delen av kaien vart etablert rundt 1980-talet.

Tiltakshavar bur sjølv i området og parkering skjer difor på eigen bustadtomt, tilkomst elles er via etablert sti og trapp som er felles med 214/72.

#### Vurdering/drøfting:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert søknaden. Tiltaket ligger lågare enn kommunalt vegnivå. Samfersel, veg-, vatn- og avløp forvaltning ser at tiltaket ikkje vil ha innverknad på drift og vedlikehald av snøfri vinterveg.

I perioder med snø kan det, under brøyting av veg, komme snø/slaps/søle over vegmur og inn mot bygget. Dette kan påføre tiltaket skader, da spesielt når snø er tung og våt eller når snøen er isholdig.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50


[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Dersom vegmynde skal gje dispensasjon frå byggegrense mot veg, skal tiltakshavar sjølv ta ansvar for utbetring av eventuelle skader som vert påført bygg under drift og vedlikehald av kommunevegen.

Kostnader i samband med utbetring av skader skal dekkast av eigar av bygg.



#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gjev dispensasjon frå byggegrense mot veg på vilkår.

#### Vedtak:

Med heimel i Veglova § 29 gir vegmynde dispensasjon frå byggegrense mot veg på vilkår.

Dispensasjonen er gitt på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom næraste del av takutstikk og midt kommunal veg skal være 6,13 meter, som omsøkt.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg, er at tiltakshaver aksepterer at det kan komme snø/slaps m.m over vegmur og inn mot/på bygget. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg oppstår skader på bygget, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av bygg skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.
- Tiltaket må være plassert slik at det ikkje kjem i konflikt med drift og vedlikehald av veglys/straumstolpe. Avstand mellom veglys/stolpe skal være stor nok til at ein kan bytte ut stolpe utan at bygg vert påført skade.
- Føresetnad for dispensasjonen er at det ligg føre byggeløyve for tiltaket etter plan og bygningslova. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning føreset også at andre naudsynte løyver ligg føre.

#### **Søknadsplikt etter plan og bygningslova:**

Vi gjer merksam på at dette løyve berre gjeld plassering av tiltak ihht Veglova. Tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova. Det må ligge føre byggeløyve for tiltaket.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal

grunngevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing  
Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Frode Løndal

Osterfjordvegen 5913  
1283

Eikangervåg

**Mottakarar:**

Kålås Bygg As

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG